

# Planprogram til kommuneplanens arealdel 2027-2039

Fastsatt av kommunestyret 16.06.2026

Sak 30/2026



# Innhald

|  |    |
|--|----|
| 1.1 Bakgrunn .....   | 3  |
| 1.2 Kommuneplan og planprogrammet.....                     | 3  |
| 1.3 Plangrense og innhald for kommuneplanens arealdel..... | 4  |
| 2 Planprosessen .....                                      | 5  |
| 2.1 Mål med planarbeid .....                               | 5  |
| 2.2 Medverknad .....                                       | 5  |
| 2.3 Planprosess og framdriftsplan .....                    | 6  |
| 2.4. Arealstrategi med silingskriteriar.....               | 6  |
| 3 Rammar og føringar for planarbeidet .....                | 8  |
| 3.1 FNs bærekraftmål.....                                  | 8  |
| 3.2 Nasjonale føringar .....                               | 9  |
| 3.3 Regionale føringar.....                                | 10 |
| 3.4 Kommunale planar og føringar.....                      | 10 |
| Kommuneplanens samfunnsdel 2026 – 2039.....                | 10 |
| Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031.....   | 11 |
| Områdereguleringsplan for Vågåmo.....                      | 11 |
| 3.5 Lovverk og forskrifter.....                            | 11 |
| 4. Status for planområdet .....                            | 12 |
| 5 Utredningsbehov .....                                    | 12 |
| 5.1 Konsekvensutgreiing.....                               | 12 |
| 5.2. Kva KU skal få fram .....                             | 12 |
| 5.3 Tema og utgreiingar som skal klargjerast i KU.....     | 12 |
| 5.4 Metodikk.....  | 13 |
| 6.2 Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) .....               | 13 |

## 1.1 Bakgrunn

Kommunestyret i Vågå har i kommunal planstrategi for 2024-2028 vedteke at kommuneplanens arealdel skal reviderast i denne perioden. Kommuneplanens arealdel vart sist revidert og vedteke i 2017. Jamfør plan- og bygningslova § 4-1 skal det utarbeidast planprogram når kommuneplanen skal reviderast. Planprogrammet skal gjere greie for formål, utgreiingsbehov og korleis arbeidet skal gjennomførast og medverknadsprosessar. Planprogrammet skal på høyring i minimum 6 veker. Etter at planprogrammet har vore ute på høyring vil innkomne innspel og merknader bli vurdert. Endeleg planprogram blir vedtatt av kommunestyret.

## 1.2 Kommuneplan og planprogrammet

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsdokument. Samfunnsdelen skal avdekkja og belyse viktige utfordringar knytt til samfunnsutviklinga for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den skal gi overordna mål for planlegging og retningslinjer for korleis kommunens eigne mål og strategiar skal gjennomførast. Arealdelen skal byggja på kommunens samfunnsdel gjennom konkrete arealprioriteringar og føringar. Disse prioriteringane og føringane skal visast på arealplankartet. Kommuneplanens arealdel skal omfatta plankart, føresegner og planskildring, der det kjem fram korleis nasjonale mål og retningslinjer samt overordna planar for arealbruk er teke vare på. I tillegg skal det for nye utbyggingsområde lagast ei konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga dannar eit kunnskapsgrunnlag slik at ein har best mogleg kunnskap til å kunne vurdere kva for område som skal byggjast ut. Prosessen for revidering av arealdelen går føre seg som vist i figur 1:



Figur 1: Prosessen ved revidering av kommuneplanens arealdel ( henta frå Kommunal- og distriksdepartementet, veilder kommuneplanens arealdel)

Dette dokumentet er eit planprogram som vist i første kolonne i figuren over. Her skal det gjerast greie for korleis planarbeidet skal gjennomførast. Planprogrammet skal gjere greie for følgjande:

- Formålet med planarbeidet
- Føringer og rammer for planarbeidet
- Kva for hovudtema planen skal ha fokus på
- Planprosessen med fristar og deltakarar
- Medverknad i planprosessen
- Kva for alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar

### 1.3 Plangrense og innhald for kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel skal gjelde for heile kommunen, og det er kommunegrensa som er plangrense for arealdelen til kommuneplanen. Det pågår eit omfattande planarbeid med utarbeiding av områdereguleringsplan for Vågåmo. I utgangspunktet var det tenkt at det ikkje skulle opnast for innspel til område som ligg innanfor plangrense til områdereguleringsplan, men ettersom arbeidet med områdereguleringsplanarbeidet er forsinka er det opna for innspel som ikkje har vore vurdert i samband med områdereguleringsplanarbeidet.

Plankart som er utarbeidd i samband områdereguleringsplan vil bli innarbeidd i kommuneplanens arealdel, berre ikkje så detaljert. Kommuneplanens arealdel skal bestå av følgjande dokument:

- Plankart
- Føresegn og retningslinjer
- Planskildring
- Konsekvensutredning (KU)
- Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)

Plankartet og føresegnene er juridisk bindande. Planskildringa skal beskrive formålet med planen, hovudinnhald og verknader. Planskildringa kan og innehalde omtale av korleis kart og føresegner skal forståast og praktiserast. Dette kan til dømes vera retningslinjer frå kommunestyret om korleis planen skal følgjast opp og gjennomførast. Slike retningslinjer er ikkje juridisk bindande for private, og må skiljast frå føresegnene. Konsekvensutgreiing og ROS greier ut verknader planen kan gi for miljø, samfunn og tryggleik.

## 2 Planprosessen

### 2.1 Mål med planarbeid

Areal er ein viktig ressurs for kommunen og korleis dette blir forvalta er ein viktig del av kommunen sine oppgåver. Kommuneplanens arealdel skal gje langsiktige føringar for arealpolitikken og vil gjelde i mange år. Gjeldande arealdel er frå 2017. Arbeidet med kommuneplanens arealdel må sjåast i samanheng med kommunal planstrategi for perioden 2024-2028. For å effektivisere planprosessane som ofte tek lang tid vart det varsla planoppstart for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel samstundes som planstrategien vart vedteke. Det vart arbeidd fram eit forslag til samfunnsdel som vart lagt ut til offentleg ettersyn samstundes som det vart varsla planoppstart og høyring av planprogram for revidering av arealdelen. Arealdelen skal bygge på kommunen sin samfunnsdel og følgje opp mål og strategiar som er vedteke der. Det er difor fornuftig at desse prosessane følgjar kvarandre tett.

Det er i samfunnsdelen utarbeidd ein arealstrategi som er ein langsiktige og overordna plan for arealforvaltninga. Arealstrategien fungerer som bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen for å sikre målretta revidering av arealdelen. Dette er overordna føringar for korleis kommunen ønskjer å disponere areala i framtida. Vågå kommune må sikre at kommunen sine areal blir forvalta på ein berekraftig måte. Kommuneplanens arealdel skal vere godt politisk forankra slik at den gir føreseielegheit for kommunen sine innbyggjarar og utbyggjarar.

### 2.2 Medverknad

I arbeidet med kommuneplanens arealdel er det viktig med brei medverknad frå heile samfunnet. Det skal leggjast til rette for medverknad og involvering frå innbyggjarar, næringsliv, interesseorganisasjonar, politikarar og råka myndigheiter. Jamfør plan- og bygningsloven § 5- 1 har kommunen eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging. Dette gjeld mellom anna barn og unge. Kommuneplanens arealdel skal vera eit styrande politisk dokument for dei neste åra. Brei politisk deltaking og forankring av målsetjingar for planarbeidet skal sikrast. For å sikre medverknad og involvering frå alle grupper i samfunnet vil råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting og ungdomsrådet vere viktig arenaer for medverknad. Råka myndigheiter blir involverte gjennom regionalt planforum og formelle høyringsprosessar. I tillegg kan det bli behov for eigne møte med regionale og statlege myndigheiter for ytterlegare orientering og drøfting av planforslaget og planfaglege tema.

## 2.3 Planprosess og framdriftsplan

Følgjande framdrift med milepålur og tidsfristar er skissert under. Framdriftsplanen forutsett ein høyring.

| Milepæl |                                    | Skildring  | Periode             |
|---------|------------------------------------|--|---------------------|
| 1       | Planoppstart                       | Varsel om planoppstart av revisjon av kommuneplanens arealdel og høyring av planprogram.   | Desember 2025       |
| 2       | Planprogram                        | Vedtak av planprogram  | Mai 2026            |
| 3       | Grovsiling av innspel              | Grovsiling av innspel etter kriteria angitt i arealstrategi  | Mai 2026            |
| 4       | Planvask                           | Vasking av eksisterande arealdel   | Sommar 2026         |
| 5       | Naturrekenskap                     | Utarbeiding av naturrekenskap  | Sommar 2026         |
| 6       | Utarbeiding av konsekvensutgreiing | Nye utbyggingsområde blir konsekvensutgreidd og eksisterande utbyggingsområde som må oppdaterast                                     | Haust 2026          |
| 7       | Utarbeiding av plandokument        | Utarbeiding av plankart, planskildring, føresegner/retningsliner, temakart og ROS-analyse  | Haust 2026/vår 2027 |
| 8       | Informasjon og medverknad          | Før planen leggjast fram for fyrste gongs behandling. Regionalt planforum, politisk, grunneigarar, interne avklaringar og ulike råd. | Vår 2027            |
| 9       | Planforslag til behandling         | Politisk fyrste gongs behandling   | Sommar 2027         |
| 10      | Høyring og offentleg ettersyn      | Høyring og offentleg ettersyn. Informasjonsmøte i høyringsperioden   | Sommar 2027         |
| 11      | Sluttbehandling                    | Politisk behandling der planen blir sluttbehandla i kommunestyret  | Haust 2027          |

## 2.4. Arealstrategi med silingskriterie

For å lette arbeidet med konsekvensutgreiing av innspel er det i samband med revisjon av kommuneplanens samfunnsdel utarbeidd ein arealstrategi som sett krav til nye innspelsområde. Dette dokumentet skildrar også utviklingsbilete i Vågå og er delt inn i følgjande hovudtema:

- Sentrumsutvikling og Vågåmo
- Utvikling i grendene
- Vågå som hyttekommune

- LNFR-område, spreidd fritidsbusetnad
- Klima, samfunnstryggleik og berekraftige løysingar
- Næringsareal
- Råstoffutvinning
- Kreaftkrevjande verksemd
- Fornybar energi
- Landbruk og kulturlandskap
- Arealnøytralitet
- Naturrekenskap

Med bakgrunn i vurderingar knytt til desse område så er det sett opp ei liste med krav til nye innspelsområde og som må svarast ut:

- **Nye innspel til framtidig område for fritidsbustader må ligge i område der det allereie er eksisterande fritidsbustader og etablert infrastruktur eller i forlenging av eksisterande infrastruktur.**
- **Innspel til nye utbyggingsområde til bustadformål bør ligge i tilknytning til bygdasentra der det er eksisterande infrastruktur eller i forlenging av eksisterande infrastruktur. Større bustadområde må etablerast langs etablerte og framtidige kollektivårer. Det bør vere gang- og sykkelveg til næraste grendesenter**
  - Forslagsstillar må sjølv utrede moglegheiter for VA løysingar der tilknytning til eksisterande anlegg ikkje er mogleg
- **Innspel for einskilde tomter for bustader og fritidsbustadar blir ikkje vurdert.**
  - Dette blir tatt som dispensasjonssakar.
- **Berører arealinnspelet viktig fulldyrka eller dyrkbar mark, snaufjell, vassdrag skogsmark av høg bonitet eller myr?**
  - Innspel på dyrka jord blir ikkje vurdert med mindre det er utgreia andre løysingar som følgjer innspelet og det følgjer med ein matjordplan for gjenbruk av dyrka jord.
- **Grå areal må vurderast brukt som utbyggingsområde framfor urørt naturområde/skogsområde.**
- **Er innspelt i konflikt med viktige natur- og friluftsområde?**
  - Innspelet blir ikkje vurdert med mindre det føreligg ei vurdering av verknaden for natur- og friluftsområde.
- **Er innspelet i konflikt med område som er verna, viktige naturtypar eller område med særskilte raudlista og/eller prioriterte artar?**
- **Er innspelt i konflikt med kulturlandskap eller andre viktige kulturminne?**
  - Innspelet blir ikkje vurdert med mindre det føreligg ei vurdering av verknaden for kulturlandskapet og kulturminnet.
- **Er innspelt i konflikt med kjende naturfarar?**
  - Innspelet blir vurdert, men det må i løpet av prosessen føreligg ei faresonevurdering og/eller sikringstiltak som viser at området kan utviklast.

Alle tema som er innanfor silingskriteriene vil bli vurdert, men for å avgrense omfanget av revisjonen er det prioritert nokre plantema som skal prioriterast i arbeidet med revisjonen av kommuneplanens arealdel.

- Planvask
- Areal for næringsetablering
- Ambisjon om arealnøytralitet

## 3 Rammar og føringar for planarbeidet

Dette kapittelet presenterer nasjonale, regionale og lokale føringar som skal leggjast til grunn i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Framstillinga nedanfor viser dei viktigaste føringane og planane.

### 3.1 FNs bærekraftsmål

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 17 mål for berekraftig utvikling. Måla skal tene som ein felles arbeidsplan for verdens land for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging frå 2019 er tydelege på at FNs bærekraftsmål skal leggjast til grunn for all samfunns- og arealplanlegging i Noreg. Korleis me utviklar og bruker areala i kommunen er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling av samfunnet.



Figur 2: FNs mål for berekraftig utvikling.

## 3.2 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 vart vedteken ved kongeleg resolusjon 20. Juni 2023. Dei nasjonale forventningane utarbeidast kvart fjerde år og gir ein oversikt over mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunar og kommunar legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Regjeringa legg vekt på at vi står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Dei nasjonale forventningane og FNs berekraftsmål skal brukast i rulleringa av kommuneplanens arealdel slik at planen i stadig større grad blir eit verktøy for å handtere utfordringane og bidra til at berekraftsmåla blir oppnådd. I tillegg vil også andre lover, forskrifter, nasjonale retningslinjer og veiledarar være førande for arbeidet ut i frå tema og type utredning. Det nemnast spesielt:

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021) skal bidra til at det tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona og hindre unødvendig bygging i 100-metersbeltet langs sjøen.

Statlege planretningslinjer for klima- og energi (2024) viser til at kommunane skal gjennom planlegging bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt økt miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet blir førebudd på og blir tilpassa klimaendringane.

Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025) har som hovudformål å bidra til meir effektive planprosessar i planlegging. Planlegging av arealbruk og transportsystem skal bidra til å utvikle kompakte og berekraftige byar og tettstader, redusera transportbehovet og leggje til rette for klima- og miljøvennlege transportformer.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging (1995) gir kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (T-1078, 1994) har til hensikt å sikre mot inngripande tiltak i verna vassdrag og som reduserer verneverdien i områda.

Nasjonal jordvernstrategi, Strategien fremjar ei rekkje tiltak for å styrkje jordvernet og nå jordvernålet. Nasjonal jordvernstrategi vart behandla i Stortinget i 2015 og vart sist oppdatert i 2023. Kommunane har ei sentral rolle i å følgja opp strategien.

Villreinen er ein viktig del av norsk natur og kultur. Det er nødvendig med effektive og målretta tiltak for å sikre villreinen og leveområda til villreinen. Kommunen må arbeide aktivt for å oppnå kvalitetsmåla for dei nasjonale villreinområda. Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein

### 3.3 Regionale føringar

Det er fleire regionale planar og føringar å forhalda seg til i kommunal planlegging. Mange av desse dokumenta har direkte relevans til planarbeidet med kommuneplanens arealdel. Det er viktig at planane blir innlemma og samordna med arealdelen så langt det let seg gjera. Regionale planar vil også brukast som kunnskapsgrunnlag i samband med revideringa av kommuneplanens arealdel.

- Regional plan for klima, energi og miljø (2023-2030) - Det grønne Innlandet
- Regional plan for samfunnstryggleik 2023-2035
- Regional plan for det inkluderende Innlandet (2023-2026)
- Regional plan for Ottadalsområdet 2016 - 2026
- Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion 2022 - 2027
- Regional vassforvaltningsplan for Glomma vassregion (2028 2033)
- Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag (2018)
- Innlandsstrategien 2024- 2028
- Regional plan for samferdsel 2018 – 2030
- Kulturstrategien for Innlandet 2022- 2026

### 3.4 Kommunale planar og føringar

Vågå kommune har fleire ulike planer som har direkte relevans til kommuneplanens arealdel, og det er derfor viktig at planane blir innlemma og samordna med arealdelen. Nedanfor er dei viktigaste planane nemnt.

#### Kommuneplanens samfunnsdel 2026 – 2039

Planforslag er sendt på høyring. Kommuneplanens samfunnsdel er den overordna planen der kommunen set ein langsiktig kurs for utviklinga av kommunen av. Den dannar med dette grunnlaget for kommuneplanens arealdel. Samfunnsdelen er under arbeid og planforslag blir sendt på høyring samstundes som det blir varsla planoppstart for revidering av kommuneplanens arealdel. Gjeldande kommuneplanens samfunnsdel er vedteken i 2017.

## Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031

Planen vart vedteke i kommunestyret 22.02.2024. Det er utarbeidd ein eigen tiltaksdel som skal reviderast kvart 2. år. Det er viktig at arealplanlegging tek omsyn til sjølve planen og tiltaksdelen.

### Områdereguleringsplan for Vågåmo

Vågåmo kommune har i lengre tid jobba med stadutvikling og utvikling av Vågåmo sentrum samstundes som det blir arbeidd med heilskapleg sikring av Vågåmo. Vågåmo tettstad og kommunesenter ligg utsett til for flaum og flaumskred. NVE gjennomført eit moglegheitsstudie av heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaumskred og flaumhendingar i elvene Otta, Finna og Nugga. Studien viser mogleg sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred. Desse tiltaka krev regulering for å kunne gjennomførast og det er kommunen som planstyresmakt som har ansvar for å regulere for flaumsikring. Planprogram for områdereguleringsplan for Vågåmo vart vedteke 26.10.2023. Parallelt med reguleringsarbeidet til kommunen har NVE greidd ut og prosjektert flaumsikringstiltaka. Vågåmo kommune er godt i gang med å utarbeide ein områdereguleringsplan for Vågåmo, men arbeidet er meir omfattande enn fyrst antatt og planarbeidet er forsinka med fleire år. Det er no anslått at ny kommuneplan blir vedteke før områdereguleringsplanen. Med bakgrunn i det er det opna for nye innspel som ikkje tidlegare har vore vurdert i samband med reguleringsplanarbeidet for områdereguleringsplan for Vågåmo.

### 3.5 Lowerk og forskrifter

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling
- Forvaltningslova
- Naturmangfaldlova
- Jordlov og skogbrukslov
- Friluftsløva
- Forureiningslova
- Kulturminnelov
- Folkehelselov
- Forskrift om konsekvensutgreiing
- Kart- og planforskrift
- Forskrift om rammer for vassforvaltning

## 4. Status for planområdet

Gjeldande kommuneplanens arealdel 2017-2027 vart vedteke i 2017 og det er denne planen som skal reviderast. Det betyr at heile Vågå kommune ligg innanfor plangrense og ny arealdel vil erstatte denne planen.

## 5 Utredningsbehov

### 5.1 Konsekvensutgreiing

I samsvar med plan- og bygningsloven § 4-2 kjem det fram at kommuneplanens arealdel blir omfatta av kravet om konsekvensutgreiing (KU). Planforslag med konsekvensutgreiing skal utarbeidast på bakgrunn av fastsett planprogram. KU skal avdekkje verknadene av planen for miljø og samfunn, herunder kvalifikasjonar og samfunnsnytte på den eine sida, og kva verdiar som går tapt og dessutan moglege avbøtande tiltak på den andre. Konsekvensar av alle nye område for utbygging og vesentleg endra arealbruk skal skildrast og kome fram av utgreiinga, både enkeltvis og samla.

Det er ei klar målsetjing at kommuneplanens arealdel skal ha eit langsiktig, overordna og heilskapleg perspektiv der KU skal sikre eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag. Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast i tråd med forskrift om konsekvensutgreiing av 01.07.2017.

### 5.2. Kva KU skal få fram

KU skal blant anna få fram:

- Viktige miljø- og samfunnsverdiar i dei føreslåtte utbyggingsområda
- Konsekvensar av foreslått utbygging kan få for desse verdiane
- Tiltak som kan gjerast for å avbøte negative verknader

### 5.3 Tema og utgreiingar som skal klargjerast i KU

Konsekvensutgreiinga skal, jf. plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutredning § 21, identifisere og beskrive dei faktorane som kan bli påverka og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Følgjande tema vil vera aktuelle for konsekvensutgreiinga:

- Folkehelse, barn og unges oppvekstvilkår
- Naturmangfald
- Naturressursar (jord, skog, grus og mineralar)
- Forureining, energi og klima

- Økosystemtenester
- Kulturminne, kulturmiljø og landskap
- Nærmiljø, rekreasjon og friluftsliv
- Landskap/grønstruktur
- Vassmiljø og vassdragsinteresser
- Samfunnstryggleik
- Trafikktryggleik og transportplanlegging
- Attraktivitet og bukvalitet
- Teknisk infrastruktur
- Forhold til arealstrategi

For alle tema skal konsekvensutgreiinga vise:

- Kva verdiar som er knytt til det arealet som blir påverka
- Korleis desse verdiane blir påverka
- Kva konsekvensar påverknaden vil få
- Null- alternativ vurdering

## 5.4 Metodikk

Ved utarbeiding av konsekvensutgreiinga blir det teke utgangspunkt i rettleiaren frå Kommunal og moderniseringsdepartementet, H-2487 Konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven. KU-utredning vil følgje metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 for tema som rettleiaren omhandlar. M-1941 har ingen metode for å utgreie naturressursar (jordbruk, vatn, mineralar mv.) For desse tema brukast metoden skildra i Statens vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyser. Metoden er tilsvarande som for M-1941.

## 6.2 Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommunen har eit grunnleggjande ansvar for å vareta tryggleiken til befolkninga. Dette gjer ein ved å utvikle trygge og robuste lokalsamfunn. I revisjonsarbeidet med kommuneplanens arealdel skal det gjennomførast ROS-analyse for nye utbyggingsområde og planområdet. Analysen skal avdekkje alle risiko- og sårbarheitsforhold som har noko å seie for om areal er eigna til utbygging og om tiltaket vil føre til endringar av dette. Det skal også utarbeidast ein overordna ROS for samla verknad. Dersom område som ikkje er utbygd, men avsett til framtidig utbyggingsformål i gjeldande arealdel er omfatta av risiko for ras, flaum eller skred, må det vurderast om desse område skal vaskast vekk.